



Prostiprest Pål Dale og organist for messa Kristian Olav Bringedal

**55 var med i dag på gudstenesten i det presten kalla Guds katedral - i Søre Skorpevågen på Skorpo. Det er truleg rekord-deltaking for dei 15 friluftsgudstenestene som til no er avvikla på øya. Det var også gledeleg nok representantar for 5 land med: Danmark, Tyskland, Nederland, Sverige og Noreg.**

**Prostiprest Pål Dale konstaterte at natur-ramma rundt messa var heilt einestående: Mot sør ruva Nåso og mot nord hadde ein utsikt mot oppdrettsanlegget. Og over det heile baka sola og bidro til å gjera det til ei heilt spesiell og sterk oppleving.**



Det var truleg rekordoppslutnad denne gongen. Her er panoramaet mot sør.

Dei 4 fyrste messene på øya vart halde i garden lenger vest, og sidan er dei fleste avvikla i løa på Søre Skorpevågen på grunn av regn eller trussel om regn. Men 4 gonger har det vore mogeleg å ha gudstenesta i Guds frie natur. og slik også i dag. Organist på trekkspel denne gongen var Kristian Olav Bringedal og naturleg nok var Fagert er landet på topp blant salmane.

I preika tok presten fram nøkkelorda rausheit, ydmykheit og barmhjertigheit frå slettepreika som var dagens evangelium - henta frå Lukas. Der finn ein mellom anna lignelsen om bjelken og flisa der appellen er å fjerna bjelken i eige auge fyrst.

Annbjørg Vågen som er utflytt frå denne garden på Skorpo var også denne gongen sentral i messa med tekstlesing og servering av kyrkjekaffe etterpå.

Neste år fyller kyrkja vår 100 år og då bør også Skorpogudstenesta ha ein spesiell regi med historisk ramme. Det vert arbeidd med saka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



..og her er panoramaet mot nord.